



Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord er oppretta i Sogn og Fjordane

**Kongen i statsråd har vedteke å opprette
Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord i
Førde, Gloppe, Jølster og Naustdal
kommunar i Sogn og Fjordane.**

Vernevedtaket er ei oppfølging av Nasjonalparkplanen og er med på å oppfylle målet om å verne eit representativt utval av norsk natur.

Det samla arealet i landskapsvernombordet er ca. 394 km². Alt arealet er på privat grunn.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord ligg mellom Sunnfjord og Nordfjord. Det er eit av dei største samanhengande fjellområda på Vestlandet utan tyngre tekniske inngrep.

Landskapet

Av villmarksprega område av ein viss storleik i landet, er Naustdal-Gjengedal eit av dei som ligg lengst vest, og som har klar oseanisk påverknad.

Landskapet har stor variasjon, frå dei trонge og lange dalføra opp frå Gloppefjorden til fjellvidder og brear. Området har noko av det ypparste ein finn av lågfjellslandskap i Sør-Norge. Særleg landskapet knytt til vassdraga gjer inntrykk. Dei mange dalane med elvar og fleire mindre vatn er karakteristiske for området. Fjella her er for det meste avrunda, men med einskilde eggar. Det høgste fjellet er Botnafjellet på 1572 moh.



Øvre del av Naustdalsvassdraget. Foto: Steinar Øvrebø

Friluftsliv

Naustdal-Gjengedal er også eit populært friluftslivsområde. Det er gode vilkår for å drive med dei fleste typar friluftslivaktivitetar.

Jordbruk

Tradisjonelt har Naustdal-Gjengedalsområdet vore mykje nytta i samband med jordbruk, hovudsakleg beitebruk. Fjellområdet er framleis viktig som beiteland, og det ligg mange stølar i dalområda rundt, både inne i og like utanfor landskapsvernombordet.